



TYSNES SPAREBANK - ÅRSRAPPORT 2017

INNHALD

Banksjefen har ordet	s 4
Årsmelding	s 5
Eika alliansen	s 12
Årsrekneskap	s 14
Kontantstraumanalyse	s 17
Nøkkeltall	s 18
Noter	s 19
Revisors årsmelding	s 39
Styrende organer	s 42

BANKSJEFEN HAR ORDET

Året 2017 har vore eit godt år for Tysnes Sparebank.

Banken har stor tilgang av nye kundar – mest personkundar, men også verksemder aukar i antal.

Banken har fått ein solid marknadsposisjon som den «lokale banken for Sunnhordland og Hardanger». Kundane verdset den personlege relasjonen som bankens medarbeidarar har med kvar enkelt kunde. Det å kunna finna løysingar på utfordringar kundane har er noko både unge og dei godt vaksne set stor pris. Ikkje minst mindre verksemder som er viktige for oss finn vårt bankkonsept interessant. Dette gler vi alle oss over som arbeider i banken for å gje våre kundar den beste opplevelsen.

For å sikra vekstkapasiteten i åra framover gjennomførte banken i 2017 ein ny emisjon på 35 MNOK. Det vart sett av 5 MNOK av dette til nye eigarar. Banken fekk omlag 70 nye eigarar gjennom denne transjen – samla vart det ein solid overteikning på emisjonen.

I desember 2017 vart bankens eigenkapitalbevis noterte på Merkur Market som er ein marknadsplass under Oslo Børs. Gjennom denne marknadsplassen

kan kjøparar og seljarar omsetja eigenkapitalbevis gjennom ein profesjonell kanal. Det er fleire sparebankar som har notert eigenkapitalbevis på Merkur Market – det gjer denne marknadsplassen endå meir attraktiv.

I 2017 opna banken sitt kontor på Leirvik, Stord. I tillegg var banken med å etablere Aktiv Sunnhordland AS på Leirvik. Eigedomsmeklarar og banken er lokalisert i Bytunet i Leirvik sentrum. Med dette har banken etablert den distribusjonen som vart planlagt i 2013. I tida framover er målet å nytta den større kapasiteten til auka innteninga. Bankens langsiktige mål er å auka inntektene meir enn kostnadene i åra som kjem. Vi arbeider for å få ein kostnadseffektivitet (K/I) som er betre enn gjennomsnittet for samanliknbare bankar.

Som eit grunnlag for bankens vekst og framgang er samarbeide innan Eika-alliansen avgjerande. Gjennom Eika Alliansen (69 samarbeidande sparebankar i Noreg) er det etablert samarbeide om innkjøp, felles

IT-leveransar, kompetanseutvikling etc.

Når vi no ser framover mot nye år og nye mogelegheiter er det med forventning og ei tru på at dei mindre sparebankane i Noreg framleis har ei stor rolle å spela i sine lokalsamfunn. Målet til Tysnes Sparebank er å vera ein kostnadseffektiv lokalbank som gjennom sitt konsept «verdas mest personlege bank» vil kunna gje ei tilfredsstillande avkastning på eigenkapitalen i åra som kjem.

Banken er til for å tena kundar og mindre verksemder i vårt marknadsområde. Våre kundar skal vi ta godt vare på slik at nye kundar også finn vegen til vår bank i åra som kjem.

Eg vil retta ei takk til alle tilsette og gode samarbeidspartnarar som har gjort det mogeleg for banken å utvikla seg der vi er i dag.



Dag Sandstå



FRÅ BØRSNOTERINGA PÅ MERKUR MARKET 18. DESEMBER 2017

FINANSIELL KALENDER 2018

Tysnes Sparebank forventar offentliggjeringsdatoar for rekneskaper på fylgjande datoar i 2018:

Årsrapport 2017 21.02.2018

1. kvartalsrapport 2018 25.04.2018

2. kvartalsrapport 2018 14.08.2018

3. kvartalsrapport 2018 24.10.2018

Andre datoar:

Forstanderskapsmøte/valmøte 21.03.2018

ÅRSMELDING 2017

Bankens verksamhet

Det har vore stor aktivitet for Tysnes Sparebank i 2017 og kundetilgangen har vore stor. Det vart gjennomført ein ny emisjon for å styrkje soliditeten og dermed betre mogelegeheitene til vekst i åra som kjem. Det vart opna nytt kontor på Leirvik, Stord og møteplass i Odda. Banken var med å stifta eigedomsmeklerselskapet Aktiv Sunnhordland AS. Ved slutten av året vart bankens eigenkapitalbevis notert på Merkur Market som er ein marknadsplass under Oslo Børs.

Banken har 18 tilsette og hovudkontor på Våge. Bankens tilsette syner svært gode haldningar for å styrkje salet av bankens produkt i nærområdet. Resultatet er tufta på ein flott innsats frå alle tilsette og ein god kombinasjon av erfarne og yngre medarbeidarar som alle vil at banken skal lukkast med målsetjinga om å skapa ein levedyktig frittstående lokalbank for person- og bedriftskundar i nærområdet.

Lokale tilhøve

Lokalt har vi merka oss at trenden i arbeidsløyse har snudd. Det er positivt for regionen og i bankens marknadsområde har vi no ein relativt stabil utvikling.

Nokre korte stikkord frå dei viktigaste lokalområda i vår region er;

• Tysnes

Oppdrettsnæringa går betre enn noko gong. For oppdrettarane er det gode tider og det smittar også over til leverandørindustrien.

Turisme er også viktig for Tysnes-samfunnet – Haaheim Gaard som er ei viktig verksemd lokalt har godt belegg og aukande omsetnad. I tillegg har Mandelhuset på Vaage gjort store investeringar for å auka interessa for staden.

• Stord

Kværner Stord har vunne fleire nye store kontraktar som gjev mykje arbeide dei neste åra.

• Kvinnherad

Søral (aluminiumsverk) på Husnes har no vedtatt utviding av produksjonen og det kan skapa om lag 100 nye arbeidsplassar dei neste åra.

• Odda

Boliden og Tinfos går veldig bra og gjennomfører fortløpende store investeringsprogram for å betra kostnadseffektiviteten.

Både det offentlege og private lag og organisasjonar jobbar på sine område for å skapa vekst. Banken ynskjer å vera ein aktiv pådrivar i arbeidet for å utvikla ny aktivitet og nye arbeidsplassar i regionen. Det er mellom anna synleg gjennom banken si støtte til Tysnesfest gjennom meir enn 10 år.

Norsk økonomi

Aktiviteten i Fastlands-Norge tok seg opp i 2017 etter eit 2016 med den svakaste veksten sidan finanskrisa i 2008. Auka bustadinvesteringar med bakgrunn i seinare års sterke prisvekst for brukte bustader og god vekst i privat konsum har vore sentrale bidragsytarar til auka vekst. Veksten vart om lag fordobla, til i underkant av 2 prosent.

I 2017 kom det eit omslag i bustadmarknaden. Det vart prisfall i andre halvår etter fleire år med sterk prisvekst. Prisendringane var særleg markant i Oslo, men omslaget var tydeleg også i dei andre storbyane i Noreg. Statistisk Sentralbyrå sin indeks for brukte bustader i Noreg i 4. kvartal 2017 var 4 prosent lavare enn toppen i 1. kvartal same år. På tross av omslaget endte årsveksten i bustadprisane i Noreg på 5,7 prosent. Det er grunn til å anta at omslaget i marknaden vil kunna påverke bustadbygginga i åra framover.

Ein tyngande faktor for veksten i norsk økonomi dei seinare åra har vore fallet i oljeprisen, med påfølgjande fall i oljerelevante investeringar. Gjennom 2017 tok oljeprisen seg opp. Samstundes har nedgangen i aktivitet medført ei rekkje tiltak som har redusert kostnadsnivået i sektoren. Oljeinvesteringane har truleg nådd botnen og vil auka i tida framover. Med forventningar om eit høgare investeringsnivå også i øvrige verksemdar, vert det venta ein positiv impuls frå realinvesteringar for økonomien framover.

Positive utsikter, betring i reallønnsvekst og eit fortsatt lågt rentenivå gjev grunnlag for ein god forbruksvekst i hushaldningane i 2017. Dette gjeld særleg forbruk av tenester. Hushaldningane har imidlertid auka sin gjeldsbelastning ytterligere og er, gitt høg andel av bustadlån med flytande rente, utsatt for endringar i rentenivået. Arbeidsmarknaden betra seg gjennom året målt ved både arbeidskraftsunder-

søkinga (AKU) og registrert ledighet hos NAV. Eit strammare arbeidsmarknad ser ikkje ut til å ha auka lønnspresset dette året. For 2017 vart lønnsveksten 2,3 prosent.

Prisveksten, målt ved konsumprisindeksen (KPI), vart vesentlig redusert i 2017, etter å ha nådd ein topp på 4,4 prosent sommaren 2016. Den relativt høge prisveksten i 2016 var i stor grad ein konsekvens av at den norske krona hadde falt i verdi, med påfølgjande prisvekst på importerte varer. I 2017 avtok denne effekten og prisveksten vart redusert til i overkant av 1 prosent, eit nivå godt under styringsmålet for pengepolitikken på 2,5 prosent.

Finanspolitikken bidrog også i ekspansiv retning i 2017. Det strukturelle, oljekorrigerede underskotet, som måler den underliggjande pengebruken av oljeinntektene, aukte til 220 milliarder kroner. Målt som andel av trend-BNP for Fastlands-Noreg innebar dette ein vekstimpuls i økonomien på 0,4 prosent. I høve til kapitalen i Statens pensjonsfond utland (oljefondet) utgjorde underskotet 2,9 prosent i 2017, ein tidel lågare enn handlingsregelen. Regelen vart i 2017 redusert frå 4 til 3 prosent for å reflektera ein lågare forventa realavkastning frå oljefondet (Statens Pensjonsfond Utland), som isolert sett talar for lågare innfasing av midlar frå oljefondet inn i norsk økonomi.

Betringa av situasjonen i norsk økonomi gjennom fjoråret var ikkje av ein slik grad at Norges Bank ynskte å heve styringsrenta frå 0,5 prosent. Sentralbanken la vekt på at ein bør gå varsomt fram i rentesettinga, men at ein første renteheving ikkje er langt unna i tid dersom norsk og internasjonal økonomi utviklar seg som forventa.

Kredittveksten for hushaldningar var på 6,5 prosent frå desember 2016 til same månad i 2017. Gjeldsbyrda til hushaldningar er rekordstor sjølv om bustadprisane har falt tilbake. For å bremsa låneveksten innførte Finanstilsynet forsommaren 2017 nye og strengare retningslinjer for forbrukslån. Bustadlånforskrifta frå desember 2016 vart vidareført, og bankane fekk krav om auka motsyklisk kapitalbuffer. Frå 31. desember 2017 skal den motsykliske kapitalbufferen utgjera 2 prosent. Verken fall i bustadpriser, innstrammingar i bustadlånforskrifta eller nye retningslinjer for forbrukslån har så langt klart å få ned gjeldsveksten merkbar.

Eigenkapitalbevis viste ein sterk utvikling gjennom 2017. OSEEX, som er delindeksen for eigenkapitalbevis på Oslo Børs, steig med 25 prosent gjennom året.

Ved utgangen av 2017 var utsiktene for 2018 gode for dei fleste næringer utanom bustadbygging, kor tidene er meir usikre enn dei har vore dei seinare åra. Konsensusestimater tilseier at me får ein vekst på om lag 2 prosent i Fastlands-Noregs BNP for rekneskapsåret 2018.

RESULTAT OG BALANSE

I samsvar med krava i rekneskapslova stadfester styret at rekneskapslova er sett opp i samsvar med gjeldande lover og under føresetnad av at banken skal halda fram med drifta, og at desse føresetnadene er til stades. Årsrekneskapslova, saman med opplysningane i årsmeldinga, gjev ei rettvise oversikt over utviklinga og resultatet av bankverksemda og banken si stilling.

I samband med framlegginga av rekneskapslova for 2017 stadfester styret at det ikkje kjemmer til tilhøve som er viktige for å vurdere banken si stilling, eller resultat av verksemda

som ikkje går fram av resultatrekneskap og balanse. Det er heller ikkje kome til endringar som er viktige for vurderinga av årsoppgjeret, etter at rekneskapslova vart avslutta.

Resultat

Tysnes Sparebank oppnådde i 2017 eit resultat før skatt på 22,9 millionar kroner. Det er eit godt resultat og om lag 5,9 millionar kroner høgare enn i 2016. Resultatet etter skatt vart på kr 17,6 millionar kroner. Resultatet etter skatt gav ein eigenkapitalavkastning på 7,8 prosent.

Driftsinntekter

Bankens netto rente- og kredittprovisjonsinntekter auka med 7,4 millionar kroner til 42,7 millionar kroner. Rentemarginen er 2,18 prosent ved årsskiftet.

Det er inntektsført 1,449 millionar kroner i utbytte mot 1,352 millionar kroner i 2016. Utbytte består hovudsakleg frå strategiske plasseringar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester vart 12,9 millionar kroner, ein auke på 2,9 millionar kroner frå 2016. Auken er i all hovudsak knytt til auka provisjonar frå Eika Boligkreditt AS på grunn av stor porteføljevækst i 2016 og 2017. Provisjonsinntektsveksten i EBK er likevel lav i forhold til porteføljevæksten på grunn av press på rentemarginen. Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester auka med 1,0 million kroner i 2017 frå fjoråret. Området betalingsformidling er i endring med mellom anna Vipps-løysing.

Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar, vart bokførte med ein gevinst på 0,5 millionar kroner som er på same nivå som i 2016. Banken har plassert overskotslikviditet i ulike pengemarknadsfond og i obligasjonsmarknaden gjennom 2017. Totalt er det ført 0,272 millionar kroner i gevinst frå desse likviditetsoverskotsplasseringar. Det er ført 0,253 millionar kroner i positivt resultat som følgje av valutakursendringar.

Gevinst av sal av anleggsaksjar

I 2016 vart det totalt inntektsført 1,136 millionar kroner som gevinst på verdipapir for sal av eigardelar i Visa Europe Ltd til Visa Inc. Det er registrert eit mindre kontantvederlag frå dette salet i 2017, men det er inntektsført som utbytte.

Driftskostnader

Bankens driftskostnader utgjorde 30,2 millionar kroner og er ein auke på om lag 2,8 millionar kroner samanlikna med 2016. Driftskostnadene utgjør 1,54 prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er ein nedgang frå fjoråret på 0,12 prosent og er i tråd med bankens målsetjing om å auke inntektene meir enn kostnadene i åra som kjem.

Bankens kostnadsprosent, dvs. samla driftskostnader målt i høve til samla inntekter justert for VP, vart ytterlegare redusert i 2017 til 57 prosent ved årsskiftet. Kostnadsveksten er på 10 prosent siste 12 månader. Tysnes Sparebank har som mål å vera ein kostnadseffektiv aktør og kostnadsprosenten og kostnadsveksten skal ytterlegare ned. Banken har investert i nye lokaliteter for å møte kundane i nærområdet, noko som skal gje ei positiv avkastning på sikt. I 2017 er det opna kontor på Stord og møteplass i Odda. I tillegg til auka distribusjon er kostnadsauken knytt til auka investeringar i IKT.

Tap på utlån og garantiar

Banken kostnadsførte i 2017 tap på utlån med 1,547 millionar kroner. Banken har fortsatt stor utlånsvekst og gruppenedskrivningane er auka med 0,500 millionar kroner. Det er ført mindre individuelle nedskrivningar av fire engasjement. Banken har ikkje hatt tap på garantiar.

Skatt

Skattekostnadene er berekna til 5,286 millionar kroner.

Disponering av bankens resultat

Årsoverskotet vert fordelt mellom samfunnskapitalen og eigarkapitalen i samsvar med deira relative del av bankens eigenkapital. I 2017 gjennomførte banken ein garantert retta emisjon med bruttoproveny på 35 millionar kroner. Total vart det utstedt 333 333 nye eigenkapitalbevis i Tysnes Sparebank og emisjonsbeløpet vart innbetalt i desember 2017. Eigarkapitalen utgjør etter registrering av den garantert retta emisjonen i 2017 NOK 108 850 700 fordelt på 1 088 507 eigenkapitalbevis, kvart pålydande NOK 100. Ny eigenkapitalbevisbrøk vart 47,17 prosent før resultatdisponeringar per 31.12.2017.

Styret foreslår overfor forstandarskapet i banken 100 prosent kontantutbytteutdeling til eigenkapitalbevisegarane, totalt 6,886 millionar kroner. Dette gjev eit kontantutbytte på kr 8,87 per eigenkapitalbevis som vart teikna før årets emisjon. Årets emisjon vart innbetalt i desember og får såleis effektivt ein månad med avkastning. For eigenkapitalbevisa teikna i den garantert retta emisjonen i 2017 får eit kontantutbytte på kr 0,64 per eigenkapitalbevis. I tillegg ynskjer bankstyret å setja av kr 200 000 til gåveutdeling til allmenntyttige føremål. Resten av overskotet vert tilført sparebankens fond.

Styret gjev framlegg om at årsoverskotet for 2017 etter skatt på 17.606.279 kroner vert disponert som følgjer:

Utbytte på eigenkapitalbevis	kr 6.886.323
Overført til sparebankens fond	kr 10.519.956
Utdeling til gåver til allmenntyttige føremål	kr 200.000
Sum disponert	kr 17.606.279

Etter disponering av resultatet for 2017 er eigenkapitalbevisbrøken 45,12 prosent. Bankens eigen behaldning av eigenkapitalbevis får ikkje utbytte.

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjør 2,185 milliardar kroner ved årsskiftet. Forvaltningskapitalen har hatt ein 12 månaders vekst på om lag 20 prosent sidan førre årsskiftet.

Det er overført 774 millionar kroner i godt sikra bustadlån til Eika Boligkreditt AS (EBK). Dette utgjør 30 prosent av bankens totale utlånsportefølje. Sum kapital i arbeid er om lag 3 milliardar kroner.

Utlån

Brutto utlån til kundar i eigen balanse per årsskiftet er 1,837 milliardar kroner, ein utlånsvekst på om lag 20 prosent dei siste 12 månadane. Dette er i tråd med bankens vekststrategi.

Samla utlånsvolum inkludert Eika Boligkreditt AS (EBK) er på 2,611 milliardar kroner, ein auke på om lag 20 prosent dei siste 12 månadane. Utlån gjennom EBK er bustadlån innanfor 60 prosent belåning.

Fordeling av utlån mellom privat- og bedriftsmarknaden

er 75/25 prosent. Andel bedriftsportefølje er auka med 2 prosent. Målet er ei fordeling mellom privat- og bedrift på om lag 80/20. Den geografiske fordelinga av utlån på eigen bok viser at bankens utlån aukar i Hordaland, mens andel utlån til resten av landet fortsatt er svært lav.

Misleghaldne lån (90 dagar og eldre) før avsetningar er på 2,7 prosent av bankens totale utlån, mot 1,0 prosent på same tid i fjor. Det er nokon få større engasjement som utgjør størstedelen av saldoen. Engasjementa er vurdert som ikkje tapsutsett. Etter dagens regelverk er heile kundens engasjement rapportert, sjølv om berre ein mindre del av lånet/engasjementet er misleghalde. Tapsutsette lån før avsetningar er fortsatt lav og er 0,4 prosent ved årsskiftet. Banken har gode rutiner for oppfølging av misligholdte og tapsutsatte engasjementa.

Høg utlånsvekst medfører at banken har auka dei gruppevis nedskrivningane med 500 TNOK i 2017. Nøkkeltall frå Bankenes Sikringsfond er tatt med i vurderinga av nedskrivningane. Dei gruppevis nedskrivningane på totalt 6,500 millionar kroner er vurdert som tilfredsstillande. Utlånsporteføljen i EBK er ikkje teken med i berekningane, da dette er godt sikra bustadlån innanfor 60 prosent som vert vurdert til å ha låg tapsrisiko.

Styret vurderer risikoen i utlånsporteføljen til å vera låg. Fordelinga av utlån til privatkundar i dei ulike risikoklassane er tilnærma uendra sidan 2016. Over 80 prosent av personmarknadsporteføljen er klassifisert til lav risiko. Andelen mislighalde lån har auka frå 0,8 prosent i 2016 til 2,1 prosent per 31.12.2017. Nokon få mindre engasjement er skrevet ned, mens dei andre engasjementa er vurdert tilfredsstillande sikra.

Andel av utlån til bedriftskundar med lav risiko utgjør ein lavare andel per 31.12.2017 enn ved årsskiftet 2016. Det har vore ein høg prosentvis vekst på utlån til bedriftskundar i 2017, totalt om lag 38 prosent vekst. Nye kundar scorar dårleg i bankens risikoklassifiseringssystem hovudsakleg på grunn av manglande historikk. I all hovudsak er veksten mot bedrifter i området vårt som vert eigd eller drive av personar banken kjenner og som har vist at dei har lukkast. Enkelte av bedriftene er nystarta, men eigd av kjente kundar med god historikk.

Innskot

Banken har som mål at veksten skal vera balansert slik at tilfredsstillande innskotsdekning vert oppretthalde. Total 12 månaders vekst på innskot har vore 16 prosent, mens utlånsveksten på egen balanse har vore om lag 20 prosent. Innskotsdekninga er derfor redusert til 78,5 prosent ved årsskiftet mot 81,5 prosent på same tid i fjor. Totale innskot frå kundar er ved utgangen av året 1,442 millionar kroner. Innskotsdekninga inkl. utlån via EBK er på 55,2 prosent og sal av bankens innskotsprodukt vert ei prioritert oppgåve også framover for å sikre god innskotsdekning framover.

Tysnes Sparebank er med i garantiordninga til Bankenes Sikringsfond.

Likviditet og obligasjonar

Banken har god likviditet og har plassert likviditetsreservar i bank- og obligasjonsmarknaden. I tillegg har banken årleg rullerande kredittlinjer for daglege oppgjers-transaksjonar.

I Noregs Bank og andre kredittinstitusjonar er det plassert

til saman 173 millionar kroner ved årsskiftet. Det er inngått forvaltningsavtale med Eika Kapitalforvaltning AS for plassering av overskotslikviditet. Banken har fokus på å byggje opp ein tilfredsstillande LCR-portefølje for å sikre vidare vekst. Porteføljen på 117 millionar kroner er tilpassa ein låg risikotoleranse.

Bankens aksjeportefølje består av strategiske plasseringar som er klassifisert som anleggsmidlar. Porteføljen er bokført til totalt 47 millionar kroner ved årsskiftet. Bankens store porteføjljevækst i EBK i 2016 førte til at banken måtte kjøpe aksjar for 11,5 millionar kroner ved rebalanseringen i 2017. EBK har og hatt to emisjonar i 2017, der banken har kjøpt aksjar for 2,9 millionar kroner. Dette i tråd med avtalen for bruk av Eika Boligkreditt. Det er gjennomført eit mindre nedslag av de danske SDC aksjane i forbindelse med rebalansering.

I 2017 var banken med å stifta eigedomsmeklarselskapet Aktiv Sunnhordland AS med ein eigardel på 33 prosent. Frå før er banken medeigar i Aktiv Hordaland AS med 38 prosent. Samarbeida med eigedomsmeklarselskapa skal skape ny forretning for alle partar og det er forventa tilfredsstillande avkastning på bankens investeringar i år som kjem.

Kravet til bankene sin LCR (Liquidity Coverage Ratio) er 100 prosent per 31.12.2017. Tysnes Sparebank sin LCR er 136 prosent ved årsskiftet.

Finansiering og ansvarleg lånekapital

Utlånsveksten på eigen balanse er høg og banken har finansiert deler av veksten gjennom opptak av to nye lån i Kredittforeningen for Sparebanker (KFS) pålydande totalt 80 millionar kroner siste året. Totalt har banken finansiering via KFS pålydande 200 millionar kroner. Banken har utstedt eit nytt obligasjonslån pålydande 40 millionar kroner. Netto låneforpliktelsar for obligasjonsgjeld er redusert med 10 millionar kroner i 2017.

Banken har ein evigvarande fondsobligasjon pålydande 20 millionar kroner. Banken har tatt opp eit ansvarleg lån pålydande 30 millionar kroner siste kvartalet i 2017 for å betra kapitaldekninga.

Garantiar

Bankens samla garantivolum per 31.12.2017 er 23,256 millionar kroner mot 17,966 millionar kroner i 2016. Garantiansvaret overfor kundar har auka med 5 millionar kroner. Garantiansvaret overfor EBK er uendra sjølv med stor porteføjljevækst i EBK.

Soliditet/eigenkapital

Bankens soliditet er betra i 2017 for å sikra vidare vekst. Banken gjennomførte ein garantert retta emisjon med netto innbetalt emisjonsproveny på 33,333 millionar kroner. Eksisterande eigarar hadde fortrinnsrett på eit brutto emisjonsproveny på 30 MNOK, mens nye eigarar fekk tilbod om eit brutto emisjonsproveny på 5 MNOK. Det vart overteikning av både eksisterande og nye eigarar. Kapitalen kom hovudsakleg frå vår region og banken fekk om lag 70 nye eigarar.

Sum eigenkapital utgjer 242 millionar kroner, inkludert årets resultat og ansvarleg lånekapital er på 50 millionar kroner. Banken oppfyller gjeldande lovkrav med god margin og er god kapitalisert. Bankens kapitaldekning er 21,2 prosent ved utgangen av året, mot 21,0 prosent per 31.12.2016. Bankens kjernekapitaldekning er 19,0 prosent ved utgangen av året,

mot 21,0 prosent per 31.12.2016. Rein kjernekapital var 15,6 prosent ved utgangen av tredje kvartal 2017 og er auka til 17,6 prosent ved årsskiftet.

I samband med ICAAP har styret fastsett eit mål for kapitaldekning på 18,5 prosent, kjernekapitaldekning på 16,5 prosent og rein kjernekapitaldekning på 15 prosent. Alle måla er innfridd ved årsskiftet.

Utover bankens årlege interne kapitalvurderingsprosess (ICAAP) vurderer styret soliditeten fortløpande.

EIGARSTYRING

Tysnes Sparebank er som sparebank ein sjøveigande institusjon som driv tradisjonell sparebankverksemd. Eigenkapitalen er bygd opp av sparebankens fond (resultata frå drifta, totalt 132,6 MNOK) og eigenkapitalbevis (109,3 MNOK).

Finansforetakslova fastset styringsstrukturen for banken. I forstandarskapet, som er det høgaste organet i banken, er det tolv medlemmer, som er valde for fire år. Av desse er tre valde av kommunestyret, tre er valde av innskytarane, tre er valde av eigenkapitalbevisegarane, og tre er valde av dei tilsette. Forstandarskapet vel styret, som har som oppgåve å leia banken i samsvar med lover og vedtekter. Det er styret si oppgåve å tilsetja banksjef.

Styret er på seks medlemmer som er valde for to år om gongen. Eit styremedlem og ein observatør skal veljast av og blant bankens tilsette. Bankstyret er også risiko- og revisjonsutval. Minst eit av styremedlemene har økonomikompetanse i tråd med krav om at eit styremedlem skal ha rekneskaps- eller revisorkompetanse.

Liste over kven som er med i dei styrande organa i banken, er teken inn i årsrapporten. Forstandarskapet vel ansvarleg revisor. Forstandarskapet i Tysnes Sparebank vedtok ny revisor i 2017, RSM Norge AS med kontor på Voss.

Bankane i Noreg er pålagde ei rekkje kontrollmekanismar som må fylgjast. Her kan nemnast reglar om kapitaldekning, reglar om store engasjement med enkeltkundar, spesielle reglar for lån til tillitsvalde og tilsette, spesielle reglar for inhabilitet og reglar om internkontroll. I tillegg er banken pålagd fleire krav til rapportering til myndighetene.

Eigenkapitalbevis – utbyttepolitikk og omsetning

Tysnes Sparebank har som økonomisk mål å oppnå resultat som gjev ei god og stabil avkastning på bankens si samla eigenkapital. Banken vil, gjennom sin eigarpolitikk, bidra til at eigenkapitalbevisa i Tysnes Sparebank framstår som eit attraktivt og likvid finansielt instrument. Banken har som målsetning å kunna gje ei avkastning på eigenkapitalbevisa som er 5–7 prosent betre enn bankrenta ein kan oppnå på innskot. Vidare har me som mål å utbetala utbytte til kvart eigenkapitalbevis etter at årsrekneskapa er godkjend av forstandarskapet. Ved fastsettelse av størrelsen på kontantutbytte og gåver, vil det bli tatt hensyn til Bankens resultatutvikling, marknadssituasjon, stabilitet i utbytte og behovet for eigenkapital.

Bankens eigenkapitalbevis vart notert på Merkur Market 18 desember 2017. Merkur Market er ein marknadsplass under Oslo Børs, der potensielle seljarar og kjøparar kan omsetja eigenkapitalbevisa gjennom ein profesjonell omsetningskanal. Det er mange lokale eigarar, men det har ila 2017 vore noko omsetjing av eigenkapitalbevisa. Kurs per 31.12.2017 er kr. 115.

RISIKOSTYRING

God risikostyring er ein viktig føresetnad for at banken skal nå måla sine. Risikostyring er derfor sentralt i den daglege drifta og i styret sitt arbeid. Styret har det overordna ansvaret for bankens risikostyring. Styret vedtek bankens risikoprofil og vedtek rammer og overordna retningslinjer for risikostyring. Styret får periodisk rapportering for å sikra seg at retningslinjer vert følgde, og at eksponeringa er innanfor vedtekte rammer.

Policy for verksemds- og risikostyring gjev ei overordna beskriving av verksemdsstyringa, mellom anna risikostyringa i banken. Dokumentet er forankra og vedteke av bankstyret, og skal også sjåast i samheng med bankens strategi og vedtekter.

I tillegg til policy for verksemds- og risikostyring har banken egne policydokument for dei viktigaste risikoområda. Dette gjeld bankens kreditt-, marknads- og likviditetsrisiko. Operasjonell risiko er beskrivne i eit eige policydokument, som også må sjåast i samheng med dei andre risikotypar. Banken har ikkje etablert egne policydokument for risiko knytte til strategiske avgjerder, forretningsmessige forhold og bankens omdømme. Denne risikoen har ein likevel teke omsyn til ved vurdering av bankens kapitalbehov i ICAAP-prosessen.

Kredittrisiko

Tysnes Sparebank skal ha ein låg til moderat kredittrisiko. Kredittrisiko er risiko for tap knytte til at bankens låne- og kredittkunder ikkje kan gjera opp for seg til avtalt tid og i samsvar med skrivne avtalar, samtidig med at etablerte sikkerheiter ikkje dekkjer uteståande krav. Kredittrisiko omfattar også tapsrisikoen knytt til garantiar til kunder om å oppfylle forpliktingane deira.

Kredittrisiko er det største risikoområdet i banken, og er under kontinuerlig overvaking. Banken har gode rutinar og ein sterk intern kredittkultur som er viktig å ha som grunnlag når banken skal veksa vidare. Eit godt kreditthandverk er avgjerande for at banken skal lukkast med målet om lønsam vekst i åra som kjem. Risikoen vert heile tida styrt i samsvar med bankens kredittpolicy, kredittfullmakter, retningslinjer, handbøker og rutinar for kredittvurderingar.

Tysnes Sparebank ynskjer å ha god kontroll og oversikt over risiko for tap i utlånsporteføljen. Risikoklassifisering er ein integret del av kredittvurderingsprosessen i banken og risikoklassifiseringssystemet er eit godt verktøy for oppfølging av risiko både på kundenivå og aggregert for heile utlånsporteføljen. For å styre bankens risiko er det sett rammer for samla engasjement innanfor ulike risikogrupper. Ved årsskiftet er banken i brudd for bedriftskundeporteføljen. Årsaken er at utlån til bedriftskunder har vore høg dei siste åra og nye kunder med manglande historikk scorar dårleg i bankens risikoklassifiseringssystem. Dei fleste kundane er som hovudregel små-/mellomstore dersom dei har lån i banken. Hovudregelen er at nye bedriftskunder skal vera etablert innan bankens hovudmarknadsområde. Dersom det ikkje er tilfelle skal selskapet vera eigd eller drevet av personar som er godt kjent av banken. Utviklinga i risikoklassifisering vert fulgt nøye opp. Risikoklassane er utgangspunkt for bankens fullmaktsstruktur.

Tap på utlån kan ha si årsak i kundane si betalingsevne, eller endringar i panteverdiar som vert påverka av rentenivå, eigdomsprisar og sysselsetjing. Når eit lån vert innvilga, vert det

teke omsyn til alt dette. Banken yter i svært liten grad lån utan sikkerheit.

Utlån til næringslivet medfører større kredittrisiko. Dei nye bedriftskundane til banken skal i hovudsak koma frå bankens næringsområde og ikkje medføre større risiko (utlån) enn eit års resultat før skatt for banken. Styret har ei målsetjing om at summen av bankens engasjement til bedriftskunder maksimalt skal utgjera 20 prosent av samla utlånsportefølje, men i ein vekstfase kan andelen svinge litt. Andelen har auka ytterlegare i 2017 til 24,6 prosent ved årsskiftet.

Likviditetsrisiko

Tysnes Sparebank skal ha ein låg til moderat likviditetsrisikoprofil. Likviditetsrisiko er risikoen for at banken i ein gjeven situasjon ikkje klarer å finansiera seg i tilstrekkeleg grad til at han kan møta forpliktelsane sine etter kvart som dei forfell. Likviditeten er avhengig av bankens balansestruktur, likviditeten i pengemarknaden og bankens kredittverdighet. I ein liten bank som Tysnes Sparebank er det viktig å vera oppteken av likviditetsrisikoen.

Styret godkjenner årleg policyen for likviditetsrisiko, og at banken brukar stresstestar og beredskapsplaner som grunnlag i dette arbeidet. Det er blant anna utarbeidd rammer for bankens balansestruktur, forfallsstruktur, størrelse på innskot og fast likviditetsbeholdning. Rammer for likviditetsrisiko vert rapporterte til styret kvart kvartal. Det er sett opp interne krav som utløyser aktivitet dersom verdiane vert for låge.

Banken har som mål at veksten skal vera balansert slik at tilfredsstillande innskotsdekning vert oppretthalde til ei kvar tid. Utviklinga i innskotsdekninga er sentral for avhengigheiten av pengemarknaden. Innskotsdekninga er redusert til om lag 78 prosent ved årsskiftet mot 81 prosent på same tid i fjor. Innskotsdekninga inkl. utlån via EBK er også redusert frå 57 til 55 ved årsskiftet. Banken har fokus på ein balansert vekst og dette er det til dels lukkast med i 2017. Sal av bankens innskotsprodukt vert fortsatt ei prioritert oppgåve for å sikre god innskotsdekning framover.

Marknadsrisiko

Tysnes Sparebank skal ha ein låg til moderat marknadsrisikoprofil. Marknadsrisiko er risiko for tap knytt til reduserte verdiar av bankens finansielle instrument som følgje av svingingar i verdipapirkursar, renter og valutakursar.

Styret godkjenner årleg policyen for marknadsrisiko, og styringa skjer gjennom detaljerte maksimumsrammer for eksponering i ulike finansielle plasseringar. Marknadsrisiko er ikkje eit kjerneområde for banken. Banken skal ikkje aktivt ta posisjonar og skal berre ha marknadsrisiko som følgje av bankens inn- og utlånsaktivitet og bankens behov for likviditetsforvaltning i renteberande papir. Tysnes Sparebank skal ikkje vera eksponert i omløpsaksjar. Det er inngått forvaltningsavtale med Eika Kapitalforvaltning AS for plassering av overskotslikviditet. Porteføljen på ca. 86 millionar kroner er tilpassa ein låg risikotoleranse. Porteføljen består i hovudsak av plasseringar i pengemarknadsfond og obligasjonar med fortrinnsrett.

Det er styrets vurdering at bankens samla marknadsrisiko er lav.

Banken har ingen vesentlege fastrenteinnskot ved årsskiftet. Fastrenteutlån vert tilbydd gjennom Eika Boligkreditt AS.

Tidspunktet for renteregulering av utlån og innskot kan difor styrast sjølvstendig av banken. Etter styret si vurdering er renterisikoen låg.

Bankens valutarisiko knyter seg i hovudsak til bankens avtale om å kjøpa IT-tenester frå danske SDC som er felles leverandør for alle Eika-bankane. Faktura vert betalt i danske kroner, noko som medfører ein avgrensa valutarisiko for Tysnes Sparebank. Banken kjøper og sel reisevaluta til kundane våre. Dette er av lite omfang, og den typen valutarisiko vert vurdert som minimal.

Operasjonell risiko

Tysnes Sparebank skal ha ein låg til moderat operasjonell risiko. Operasjonell risiko er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege/sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar. Dette er risiko knytt til den faste/daglege drifta av banken. Risikoen vert avdekt gjennom internkontroll, hendingsrapportering, systemrapportar for kvitvasking, revisjonshandlingar og kompetanseheving.

Operasjonell risiko vert blant anna rapportert til styret gjennom kvartalsvise risikorapportar. Risikoen vert vurdert som akseptabel.

ORGANISASJON

Ved utgangen av 2017 var det 18 fast tilsette i banken. Desse er fordelte på 13 kvinner og 5 menn.

Likestillingsarbeidet innanfor sparebanknæringa ligg langt framme, og har nådd det målet som myndigheitene meiner er minimumskrav. I Tysnes Sparebank har ein lagt vekt på dette i fleire år, og banken si målsetjing er likestilling på alle nivå så langt det er praktisk mogleg. Utfordringa for banken har vore å auka andel av menn i organisasjonen – dette er no på rett veg slik at ein likefordeling mellom kjønn er tilfredsstillande.

Styret i banken er sett saman av tre kvinner og tre menn. Banken har ikkje sett i verk spesielle tiltak når det gjeld likestilling siste året.

Etter styret si vurdering er det fysiske arbeidsmiljøet i banken godt, og styret har ikkje funne det nødvendig å setja inn spesielle tiltak på dette området. Samarbeidet mellom dei tillitsvalde og leiinga er tilfredsstillande.

Dei tilsette hadde i 2017 til saman 204 fråværsdagar. Om lag 50 av desse dagane var grunna barns sjukdom eller annan permisjon. Fråvær grunna eigen sjukdom utgjer om lag 3,78 %, herav er det 99 dagsverk som er langtidssjukemeldt fråvær. Sjukefråvær < 16 dagar utgjer om lag 1,35% - noko som er på eit tilfredsstillande nivå. Fråværet kjem ikkje av sjukdom som er relatert til arbeidsmiljøet.

Det er i året ikkje registrert arbeidsuhell eller ulykker med personskade. Banken har ikkje etablert samarbeide med bedriftshelseteneste og vurderer det p.t. som ikkje naudsynt.

Verksemda til banken fører ikkje til ureining av det ytre miljøet.

SAMFUNNSANSVAR

Banken har ei viktig rolle i folks liv, det vere seg privatpersonar som får oppfylt draumen sin om ny bustad, eller bedriftskundar som får hjelp til å setja gode idear ut i livet. Me avlastar risiko, sikrar likviditet og stimulerer til utvikling i lokalsamfunnet. Ikkje minst bidreg banken til samfunnet gjennom gaver og anna støtte til idrett, kultur, ideelle organisasjonar og andre samfunnsnyttige føremål.

Arbeidet med samfunnsansvar er forankra i bankens verdiar – VET.

V = verdiskapande for kundar, tilsette, samfunnet og eigarar

E = engasjert i kvar enkelt kunde, engasjert i våre medarbeidarar og lokalsamfunn samt eigarar

T = tilgjengeleg for våre kundar, kollegar, lokalsamfunn og eigarar

Desse verdiane skal prega alt vi gjer i banken.

For å kunne synleggjera bankens samfunnsansvar er føresetnaden at banken klarer å skapa ei lønsam drift, og som eit minimum, etterleva alle lover og forskrifter. Det er også ein føresetnad at banken har eit godt forhold til medarbeidarane og leiarane sine, har eit verdigrunnlag som vert fulgt og betyr noko for dei tilsette, og har dei beste relasjonar til kundane og samarbeidspartnarane sine. Måling av kundetilfredsheit viser at kundane våre er nøgde med banken. Men dette er ferskvare som kvar dag må haldast pleiast og forbetrast.

Samfunnsansvaret inneber også at banken skal ha eit bevisst forhold til interessentane sine og sjå til at bankens handlingar bidreg til sosialt ansvarleg forretningsdrift. Omsynet til samfunnsansvar er innarbeidd i overordna retningslinjer under konkrete emne som for eksempel etikk, antikvitvasking, helse, arbeidsmiljø og sikkerhet og dessutan det ytre miljøet. Tysnes Sparebank er også medviten om både det indre og ytre miljøet. Banken nyttar kjeldesortering i så stor grad som mogeleg, og arbeider kvar dag for å bidra til eit godt miljø.

For å sikra etterleving og godt omdømme inngår bankens tilsette i etterutdanningsprogram med ulike kurs, seminar o.a., og banken har ni autoriserte finansielle rådgjevarar ved utgangen av 2017. Banken sikrar også tilsette sin innverknad gjennom godt samarbeid med dei tillitsvalde innanfor dei rammer og tradisjonar som gjeld for bransjen. Tysnes Sparebank legg til rette for at rekrutteringar skjer frå eit breitt utval av samfunnet, og for at eldre arbeidstakarar kan få eit yrkesaktivt liv fram til alderspensjonering.

Tysnes Sparebank er og skal vera ein handlekraftig bank med nær kontakt til kundane sine. Banken har som mål å vera det naturlege førsteval av bank i vår region og skal gjennom kompetent og godt bankhandverk gje kundane enkel og rask tilgang til gode løysingar. Me er framtidsretta og ein attraktivt arbeidsplass som arbeider for å verta eit kompetansesenter i Sunnhordland innanfor våre fagfelt.

Som frittstående lokalbank i regionen er me ein ressurs i lokalsamfunnet som saman med andre aktørar skal vera med på å skapa framtida i regionen.

Målet er å veksa i åra som kjem – mest innanfor personmarknaden, men også innanfor bedriftsmarknaden. Fordelinga mellom person- og bedriftsmarknaden skal vera om lag 80/20 – det betyr at banken må ha ein balansert

vekst dei neste åra. Det betyr ikkje minst at innskotsvolumet må aukast monaleg for å kunna aktivisera den nye eigenkapitalen som vart teikna i 2017.

Banken har utover årsrapporten og dei nemnde tilhøva inga særskild rapportering på samfunnsmessige resultat. Banken har i året ikkje drive noka form for forsknings- og utviklingsaktivitetar.

UTSIKTENE FRAMOVER

Året 2018 startar med mange positive signal. Arbeidsløysa går ned – den norske valutaen stabiliserer seg på eit nivå noko under det som har vore dei siste åra. Det er ei føremon for mellom anna turistindustrien.

I vår region er det auka optimisme – mange store verksemdar går betre enn på lenge. Dei store investeringane som har vore planlagt i industrien ser no ut til å verta ein realitet. Det gjev eit grunnlag for åra som kjem.

I vårt marknadsområde er det mange større banker som har lagt ned sine kontor. Det skaper moglegheiter for vårt bankkonsept. Mange kundar saknar den lokale banken der dei kan

møta banktilsette som kjenner lokalsamfunnet og personane der. Pågangen av nye kundar er større enn noko gong.

Utfordringa til banken er å kunna ha ein balansert vekst framover. Soliditeten er god, utfordringa på kort sikt er no knytt til innskotsdekninga. For å kunna møta etterspurnaden i marknaden treng banken å auka innskot i tida som kjem.

Vår bank har no den distribusjon og kapasitet som vi trur er det som skal til for å auka inntektene i åra som kjem. Det er ei utfordring at kostnadene til IT-utvikling aukar mykje. Dette er ikkje spesielt for vår bank. Alle bankane i Noreg har denne utfordringa – dersom inntektene ikkje kan aukast på dagens kostnadsnivå må kostnadsreducerande tiltak verta vurdert.

Tysnes Sparebank er i ein marknad der det er store moglegheiter for å veksa. Banken er i ein god posisjon der vi kan unngå å måtta redusera personalet når nye og arbeidseffektive IT-løysingar vert implementert.

Eika Alliansen har som sitt motto «Eika ved din side». Det er derfor store forventningar til at Eika Alliansen og Eika Gruppen AS i tida som kjem utviklar løysingar som er med å gjer lokalbanken endå betre og sikrar langsiktig sjølvstende.

TAKK

Året 2017 har vore eit svært godt år i Tysnes Sparebank. Styret vil takka alle tilsette og tillitsvalde for deira innsats og medverknad til ei positiv utvikling for banken. Styret vonar at kvar enkelt også i året som kjem, vil gjera sitt beste for ei god utvikling og eit godt resultat.

Styret vil retta ei takk til alle kundane, eigenkapitalbevis-eigarane og forretningskontaktane våre for den tiltrua dei har vist oss, og for godt samarbeid i 2017. Styret har stor tru på at banken i 2018 og frametter skal skapa verdiar for våre lokalsamfunn, eigarar og tilsette.

Tysnes, 21. februar 2018 i styret for Tysnes Sparebank

 Leif Magne Hovland Styreleiar	 Bente Raknes Nestleiar i styret	 Vidar Hoviskeland Styremedlem
 Ingvild Aslaksen Hustad Varamedlem	 Torunn Nødland Varamedlem	 Dag Sandstå Banksjef

EIKA ALLIANSEN

EIKA ALLIANSEN

